



Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon, e-post
Siren Elise Tømmerbakke, 5557 2290
e-post: sieto@statsforvalteren.no

Tilbakemelding på oppfølging av regelverket om driveplikt på jordbruksareal

Brev til kommunane oktober 2022

Statsforvaltaren ønsker å bli oppdatert på korleis arbeidet med handheving av driveplikta går i kommunen. Vi ønsker ei kort tilbakemelding frå dykk innan 1. november til sfvlpost@statsforvalteren.no. Send også namn på ein eller fleire personar som har ansvar for å følgje opp arbeidet med driveplikt, slik at vi er sikker på at informasjon frå oss kjem fram til rette personar. Vi har lagt ved eit svarskjema de kan bruke.

1. Takk for sist til alle som deltok på landbrukskonferansen i Førde.

Også i år hadde vi driveplikt som tema på ein av parallellsesjonane på dag to på konferansen. Det vart god diskusjon kring spørsmåla vi hadde oppe i gruppene. Driveplikt er eit tema som engasjerer. Føremålet med sesjonen om driveplikt var å utveksle erfaringar kommunane i mellom. I oppsummeringa fekk vi fleire gode innspel på kva vi bør arbeide vidare med.

I desember i fjor sende vi ut eit brev til alle kommunane om regelverket som gjeld driveplikt. Vi oppfordra til å ta kontakt med oss dersom de hadde spørsmål eller erfaringar å dele. Dei fleste kommunane deltok også på webinaret vi hadde om regelverk og sakshandsaming. Webinaret er framleis tilgjengeleg på [heimesida vår](#).

Etter dette har vi hatt kontakt med nokre av dykk, og forstår at det er store skilnader frå kommune til kommune. Det gjeld mellom anna tal søknader om fritak, handsaming av leigeavtaler, kor stor del av jordbruksareala som ikkje er i drift og etterspørselen etter leigejord.

2. Spørsmål til kommunane

Vi ønskjer ei kort tilbakemelding på desse spørsmåla:

- ✓ Har kommunen fått oversikt over eigedommar som ikkje er i drift?
- ✓ Er kommunen komme i gang med velje ut eigedommane de vil kontakte om mogleg manglande drift?



- ✓ Korleis tar de kontakt med eigarane?
- ✓ Korleis følgjer de konkret opp eigarar med jordbruksareal som ikkje er i drift?

I tillegg til å følgje opp at jordbruksareala vert nytta til produksjon av mat, må vi også sikre at dei som leiger jord får leigeavtaler som stettar krava i jordlova § 8. Det er viktig å merke seg at driveplikta er grunneigarane sitt ansvar, og det er soleis grunneigaren si plikt å sørgje for å få på plass ei avtale.

- ✓ Får kommunen inn jordleigeavtaler?
- ✓ Har de praksis på å godkjenne avtalene?

Skriv gjerne litt om kva tilbakemeldinger de får på arbeidet med å følgje opp regelverket.

- ✓ Er aktive gardbrukarar interessert i arbeidet de gjer for å følgje opp driveplikta og krav om skriftleg avtale på leigejord?
- ✓ Kjenner kommunepolitikarane til arbeidet de gjer for å følgje opp regelverket som gjeld driveplikt?

3. Erfaringar frå Gloppen og Stad

Bernt Reed frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad hadde eit godt innlegg om driveplikt på konferansen. Han fortalte kva dei hadde gjort fram til no, og om planar for vidare oppfølging av driveplikta.

Fram til no:

- Ved eigarskifte/konsesjon, påminning om driveplikta og korleis ivareta denne
- Informasjon gjennom avisartikkel, kontakt med PT-søkkjarar og utsending av "Nytt frå Landbrukskontoret"

Framover:

- Nytte reknearka og sortere på storleik etter avvik PT-NIBIO
- Største avvika fyrst, over 10 dekar og meir
- Kontakte eigar og avklare grunnen til avviket
- Føreslå løysing i dialog med eigar

Utfordringar:

- Innmarksbeite er største problemet
- Korleis få desse i bruk og eventuelt kva er mest fornuftig i praksis
- Oppnå forståing for driveplikt på små areal

4. Areal som kan vere ute av drift

Arealstatestikk for 2021, basert på søknadane om produksjonstilskot, viser at 13,3 % av landet sitt totale jordbruksareal ikkje inngår i søknadene om produksjonstilskot. Av dette er 9,5 % maskinelt haustbart jordbruksareal. For vårt fylke er delen av jordbruksareal som kan vere ute av drift 20,9 %!! Av dette er 15,7 % maskinelt haustbart areal. I 2020 var totalarealet 21,1% og maskinelt haustbart var 15,4%. Kva som er tala for dykkar kommune finn de [her](#).

Som nemnt, er tala basert på produksjonssøknadene, og ikkje alle som driv søker tilskot. Faktisk areal ute av drift er difor truleg noko mindre enn det som går fram av arealstatestikken.



Kart som viser eigedomar som kan vere ute av drift finn de på www.fylkesatlas.no under temalag *Landbruk – Jordbruk – Jordbruksareal som kan vere ute av drift*, og i www.kilden.nibio.no. Karta er oppdatert etter produksjonssøknadene frå 2021.

Etter at søknadsomgangen no i oktober er avslutta, vil vi på nytt sende ut to oversikter i Excel med informasjon om eigedomar der alt, eller deler av, jordbruksareal ikkje er omsøkt.

Oversikt over eigarar av eigedomar der det ikkje vert søkt om tilskot:

Rapport 630 i LIB -*Landbrukseigedomar med tilknytt aktive eigarar* vert kopla til søknad om produksjonstilskot for 2022. Eigedomane det vert søkt tilskot for vert selektert ut. I denne oversikta vil de finne tal dekar jordbruksareal, namn og adresse på eigar(ane).

Eigedomar det blir søkt arealtilskot for:

I denne oversikta finn de differensane mellom jordbruksareal registrert som omsøkt og eigd. Slik vert det enklare å sjå om det noko av arealet på eigedomen ikkje vert drive. I dei fleste tilhøva er dette innmarksbeita på eigedomane.

Informasjon frå karta er basert på søknadane om produksjonstilskot i 2021, men oversiktene de får frå oss er basert på søknadane i 2022. Det kan difor vere noko skilnad. Men, både karta og listene våre vil vere til god hjelp for å få oversikt over dei grunneigarane som bør følgjast opp med omsyn til driveplikta. Forslag til brev med påminning om driveplikta finn de på heimesida til Statsforvaltaren under: [Landbruk og mat - For Kommunane landbruk - Areal og eigedommar](#). Her ligg fleire malar som kan brukast for å få inn tilbakemelding frå eigarane.

5. Døme på sakshandsaming

I ordskifte på parallellsesjonen om driveplikt kom det spørsmål om døme på saker og sakshandsaming. Det går fram av SSB sin statistikk for [kommunal forvaltning av landbruksareal](#) at det i Vestland i 2021 er rapportert inn seks søknader om fritak frå driveplikt. Av dei var fire avslag og to varig fritak. Til Statsforvaltaren kjem berre klagesakene. Etter det vi kan sjå er det ikkje handsama klagesaker her dei siste åra. Etter å ha vore i kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har vi gått gjennom ei sak dei har handsama. I den saka er det gjort vedtak om tvangsgebyr i medhald av jordlova § 20, for manglande oppfylling av pålegg om bortleige av jordbruksareal. I saka låg fleire vedtak både frå Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet. I eit samandrag av saka har vi trekt ut nokre av dei vurderingane som er gjort i saka. Sjå vedlegg.

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Siren Elise Tømmerbakke
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:

- 1 Sak frå Møre og Romsdal
- 2 Skjema for utfylling - spørsmål til kommunane oktober 2022

Mottakerliste:

Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO



Osterøy kommune
Austrheim kommune

Postboks 1
Kommunehuset

5293 LONEVÅG
5943 AUSTRHEIM